



Mesta rykker no inn att på Børnes

Etter 5 år med Opedal og Sønner har Mesta fått tilbake kontrakten om vedlikehald og brøyting av riks- og fylkesvegane millom anna i Kvinnherad og skiftet skjer denne veka, nærare bestemt 1. september.

Hovudbasen blir i Odda, men den gamle basen på Børnes ffår ein viss rolle å spela i den nye situasjonen, opplyser Reidar Eide til uskedalen.no



Lagerplassen for salt på Børnes blir opprusta

I utgangspunktet blir 3 mann stasjonert her men det blir frå tid til annan aktuelt å supplera denne styrken. No er det hektisk aktivitet på Børnes, millom anna med å leggja tilhøva betre til rette for eit lager av salt, opplyser Eide.

Børnes-tomta har i dei seinare åra vore utleid mellom anna

til lager for Eidsvik. Den
innhald millom anna eit stort telt og ein kontorfløy.

Mesta tok att kontrakta
med eit tilbod som låg 7 millionar lågare enn det frå Opedal og det er ei
omfattande kontrakt som dekker vegnettet heilt frå dei ytre delane
av Kvinnherad, gjennom Hardanger og over fjellet - til Haugastøl.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen